



Sakshandsamar: Espen Andreas Hasle

Referansar: UKM 06/07 og UKM 04/08

Saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
18.05.2009	Myndig tru - mangfaldige fellesskap.doc	36956

## Myndig tru - mangfaldige fellesskap. Kyrkje med og for aldersgruppa 18-30

### Samandrag

Kyrkjerådet si satsing på Ung i kyrkja har sidan 2007 fokusert særskilt på aldersgruppa 18 til 30 år. Ein brei prosess, med to handsamingar på Ungdommens kyrkjemøte, oppretting av ressursgrupper i tre bispedømme og fleire faglege samlingar har ført fram til dokumentet som ligg ved denne saka.

I dokumentet blir det gjort greie for prosessen så langt i denne saka. Dokumentet argumenterer for at kyrkjeleg satsing på denne aldersgruppa er viktig og strategisk. Siktemålet er peika ut som "at flere mellom 18 og 30 får en livsrytme som rammes inn av Ord og sakrament". Ein grunnleggjev kor viktig ei slik satsing er med fire hovudpunkt:

1. Kyrkja treng ei god oppfølging av trusopplæring 0-18 år.
2. Aldersgruppa 18-30 kan lære kyrkja mykje om korleis ein best kan være kyrkje i framtida.
3. Ved å satse på lokale fellesskap er kyrkja med og styrker samfunnet og demokratiet.
4. Kyrkja treng eit særleg fokus på korleis "vanlege" kyrkjelydar skal arbeide med denne aldersgruppa.

Dette kan og bør utbyggast med eit nytt første punkt:

- Aldersgruppa 18 -30 er ein viktig og samansett fase av livet der sentrale utfordringar til liv og verdi blir aktualiserte.

Denne aldersgruppa er kjenneteikna av stor mobilitet og mange oppbrot. Livsfase er meir viktig som kriterium enn alder. Oslo bispedømme si arbeidsgruppe foreslo ei inndeling av aldersgruppa i:

- Unge uetablerte
- Unge etablerte
- Unge etablerte med born

Inndelinga gjer ei relevant og strategisk hjelp til å forstå breidda av utfordringane for menneske og kyrkja i denne aldersfasen. Dokumentet slik det i dag ligg føre, er ei god skildring av særleg den første gruppa sine utfordringar, men manglar vesentleg hjelp til forståing av dei andre gruppa sine utfordringar.

Hovuddelen av dokumentet er ei fagleg og strategisk utgreiing av viktige sider ved generasjonen som er i denne aldersgruppa no, og kva som kjenneteiknar fasane i livet mellom 18 og 30. Den ekklesiologiske og strategiske refleksjonen knytt til dette er samla under overskriftene ”myndig tru” og ”mangfaldige fellesskap”. Dokumentet legg særleg vekt på korleis kyrkja betre kan møte unge som lever liv prega av oppbrot. Til slutt blir det peika på tre moglege prosjekt som kan føre kyrkja nærare gode strategiar for denne aldersgruppa.

- 1) Prosjekt A: Trusopplæringsstrategi for aldersgruppa 18-30 år
- 2) Prosjekt B: Gudsteneste som stad og fellesskap
- 3) Prosjekt C: Kommunikasjon og rekruttering

## **Framlegg til vedtak**

1. Kyrkjerådet meiner at ei kyrkjeleg satsing på aldersgruppa 18-30 år er strategisk viktig.
2. Kyrkjerådet ber om at saksdokumentet til Kyrkjemøtet i større grad rettar seg mot å auke kunnskapen og refleksjonen om denne saka i kyrkja. Saksframlegget bør utviklast som eit grunndokument for kyrkja si forståing av dei utfordringane denne aldersfasen representerar. Dette vil så gje viktige ansatsar for strategisk utvikling av dette feltet.
3. Kyrkjerådet ber sekretariatet arbeide vidare med saka, og leggje fram eit revidert saksdokument til Kyrkjemøtet til møtet i september.
4. Kyrkjerådet ber om at følgjande emne blir lagt særleg vekt på i det vidare arbeidet med saka:
  - Kyrkja sitt møte med aldersgruppa gjennom dei kyrkjelege handlingane
  - Strategisk tenking overfor unge etablerte og unge etablerte med born og dei livsutfordringar som er knytt til fasane kring etablering
  - Dei eksistensielle utfordringar som pregar denne gruppa med vekt på utfordringar til sjelesorg og diakoni.
  - Strategisk tenking og refleksjon rundt studentprest- og feltpresttenesta.
  - Eit tydelegare samisk perspektiv.

- Større synleggjering av potensial til samarbeid med dei friviljuge kristne organisasjonane.
- Korleis det pregar aldersgruppa at unge menneske lever internasjonale liv.
- Forholdet til unge i dette aldersspennet som har innvandra sjølv eller er born av innvandrarar.

## Saksorientering

### Bakgrunn

På bakgrunn av dokumentet *Myndig tru – mangfaldige fellesskap* er det ein del spørsmål som Kyrkjerådet bør ta stilling til.

#### **Kva med unge etablerte og unge etablerte med born?**

Dokumentet presenterer inndelinga av aldersgruppa som Oslo bispedømme sin arbeidsgruppe la fram i sin rapport: Unge uetablerte, unge etablerte og unge etablerte med born. Ein kan tenkja seg at ”oppbrotet” som det her blir lagt særleg vekt på, i første rekke gjeld den første av desse gruppene. Samstundes er heile aldersspennet prega av oppbrot. Det er også eit oppbrot å bryte opp frå studie- eller skulestad for å etablere seg.

Eit anna spørsmål er om vekta på fellesskap gjer at ein misser av syne kor avgjerande kyrkjelege handlingar kan vere for kontakten med kyrkja. Kyrkja møter også folk i denne aldersgruppa som foreldre eller fadrar til born som blir døypte. Nokre har born i bornehagealder som òg gjev ei rekkje kontaktpunkt med lokalkyrkja, til dømes helsing på dåpsdagen og 4-års bok. Det vedlagte dokumentet fokuserer først og fremst på å følgje dei unge frå trusopplæring, liv og fellesskap i lokalkyrkjelyd vidare i truslivet. Det blir viktig å supplere dette perspektivet med at dei fleste i denne aldersgruppa i løpet av dette aldersspennet eller i tiåret etterpå vil møte kyrkja ved dåp (som foreldre og fadrar) og bryllaup. Ei styrking av dette fokuset vil og aktualisere dei sentrale livsutfordringane knytt til samliv og det å få born, som er eit av dei eksistensielle tyngdepunkta for denne livsfasen.

#### **Korleis kan sjelesørgjeriske og diakonale perspektiv utfylle det som ligg føre?**

Saksdokumentet slik det er lagt ved her, trekk inn viktige moment frå sosiologi og samfunnspsykologi, generasjonsforskning, teologi og kyrkjeleg statistikk. Men ein dreg i liten grad nytte av utviklingspsykologisk og sjelesørgjerisk kunnskap i utmyntinga av strategiane. Her kan det vere mogleg å utfylle saka ytterlegare. Livsfasen 18-30 år er ei sårbar livsfase. Både oppbrotet og etableringa i eige vaksenliv aktualiserer eksistensielle, sosiale og psykiske utfordringar. Livsfasen omhandlar oppbrotreaksjonar, utfordringar i samband med å kome inn/ikkje kome inn på utdanning, få/ikkje få jobb, få/ ikkje få livsledsagar, få/ikkje få born, endra sosiale samlivsmønster og rusproblematikk. Åra 18-23 blir ofte skildra som ei overgangskrise som tydeliggjer vanskelege livskjensler i overgangen ung-vaksen. Det er ei sentral utfordring for kyrkja å vera ein relevant, tilgjengeleg og klok aktør i møte med spennet av desse livserfaringane. Kyrkja har viktige erfaringar å arbeide vidare med ut frå studentprest- og feltpresttenesta si

vektlegging på sjelesorg og diakoni. Den nyleg vedtekne planen for diakoni tilseier at dette området i saka må styrkast.

### **Auka refleksjon eller ny strategi - i så tilfelle, kva slags strategi?**

Saksframlegget peikar på korleis ein kan vidareføre trusopplæringa aldersmessig i lokale kyrkjelydar. Det gjer at student-, og feltpresttenesta er nemnt, men ikkje lagt særleg vekt på i det strategiske som her blir drøfta. Det same gjeld det store arbeidet dei friviljuge organisasjonane gjer i møte med denne gruppa. Begge desse perspektiva kan løftast klarare fram. Men det kan føre til at ein misser noko av den tydelege retninga saka no har mot lokalkyrkjelyden. Det ein må drøfta er om dette skal vere ein heilskapleg strategi for aldersgruppa 18 til 30, eller om ein i større grad skal nøye seg med å peike på nokre område med særleg forbettringspotensial.

Sjølv om heile saka sjølvsgat kan nyttast og gje viktige innspel også i samiske område, er det eit spørsmål om eit samisk perspektiv burde blitt løfta tydelegare fram.

Mange unge menneske reiser mykje og har ofte internasjonal kontakt. Sjømannskyrkja spelar ei viktig rolle i kyrkja sitt arbeid med denne gruppa, men her ligg det også stort potensial for tilknytning og engasjement gjennom kontakt med unge over heile verda gjennom kyrkjelydane.

I denne aldersgruppa er det også mange unge med foreldre som har innvandra til Noreg, eller som sjølv har kome hit som innvandrarar. Mange av dei er kristne og representerer ei stor og viktig ressurs og utfordring for kyrkja.

Framlegget slik det no ligg føre peikar tydeleg i retning av tre moglege prosjekt som er meint som bidrag til på sikt å utvikle ein heilskapleg strategi for kyrkja sitt arbeid med denne gruppa. Ein kan i staden for dette velje å fremje ei meir open sak til Kyrkjemøtet, som i større grad legg vekt på og har som mål å auke refleksjonen og merksemda rundt heile spekteret av målgruppa. Då kan ein evt. la konkrete prosjekt og vidare arbeid med strategiar skje i Kyrkjerådet. I denne vurderinga vil det og kunne vere naudsynt å vurdere om kyrkjelydane "toler" og er motiverte for fleire prosjekt i ei tid med mye nytt på mange frontar, og på kva måte (eller om) det kan skaffast midlar til dei konkrete prosjekta.

Eit anna alternativ er å ha eit profilert hovudforedrag om saka på årets kyrkjemøte med ei plenumsdrøfting knytt til. Saksframlegget sendast ut som bakgrunn for denne drøftinga. Ei slik handsaming kan vere ei god start på eit viktig utviklingsarbeid i åra som kjem.

### **Økonomiske/administrative konsekvensar**

Framlegget, slik det no ligg føre, har avsnitt om økonomiske og administrative konsekvensar på kvart prosjekt. Desse tala er no kvalitetssikra og dette gjer ei noe høgare sluttsam: Dei tre prosjekta som dokumentet beskriv, har ei minimum årleg kostnad på kr. 3.300.000.

#### Prosjekt A

Tre prosjektleiarar - 2,1 mill (inkl. unge- vaksne prestar)

sentral prosjektleiing 350.000

materiell/kursing mm 250.000

Totalt 2,5-2,7 mill

#### Prosjekt B

Samla 200.000 – 800.000. Minimum 200.000.

#### Prosjekt C

Samla 600.000 til 1.200.000. Minimum 600.000.

Nokre av framlegga kan gjennomførast utan midlar eller med lite ressursar, men samla vil prosjekta ha behov for mellom 3,3 og 5 millionar kronar årleg i ei utprøvningsperiode.

Viss ein vel å gjere saka meir overordna med fokus på inspirasjon og å gjere kyrkjelydane medvitne om kor viktig denne gruppa er, vil desse tala sjå annleis ut. Det er ikkje tilgjengelege midlar for eit slikt prosjekt over OVF i åra som kjem. Økonomien i bispedømme er likeeins svært pressa og utfordringane frå gudstenestereforma og trusopplæringsreforma vil dominere fokuset dei næraste åra.